



INNKALLING TIL FELLESMØTE I HARDANGERRÅDET og RÅDMANNSFORUM

Dato: Tysdag 23.6.2026
Klokka 09.30 - 15.00

Stad: Jondal kommunehus, Ullensvang kommune

Agenda:

09.30 - 10.00 Presentasjon Ullensvang Næringshage og Framtidsfylket
10:00 - 13:00 Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum sakshandsaming
13.00 - 14:15 Lunsj
14:15 - 14:45 Presentasjon av Hardanger Hourse og utbyggingplanar

Regionrådet Saks nr.	Rådmannsforum Saks nr.	Saker til handsaming:
HR-sak 31/26	RF-sak 26/26	Innkalling og sakliste
HR-sak 32/26	RF-sak 27/26	Godkjenning av møtebøker
HR-sak 33/26	RF-sak 28/26	Meldingar
HR-sak 34/26	RF-sak 29/26	Orienteringssaker
HR-sak 35/26		Nytt frå ordførarane / kommunane
	RF-sak 30/26	Nytt frå Rådmannsforum
HR-sak 36/26	RF-sak 31/26	Høyringar med frist 04.09.2026 Vassdragsreguleringsloven og vannressursloven Forskrift til vassdragsreguleringsloven og vannressursloven
HR-sak 37/26	RF-sak 32/26	Prinsipiell vurdering av framtidig medlemskap i Hardangerrådet IKS
HR-sak 38/26	RF-sak 33/26	Møtekalender 33/26- andre halvår 2026
HR-sak 39/26	RF-sak 34/26	Saker som kjem til.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 16.6.2026
Jens Olav Holven
Rådsordførar

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



MØTEBOK Hardangerrådet

Dato: Fredag 22.5..2026
Klokka: 09.00 - 15.00
Stad: Heradstyresalen i Ulvik

Til stades:

Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven - rådsordfører
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad - leiar Rådmannsforum
Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch Rådmann
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

09:00 - 12:00	Hardangerrådet sakshandsaming
11:00 - 11:30	Presentasjon kapitalutviding Hardanger og Voss Næringshage v/Trude Undebakke
12:00 - 13:00	Lunsj Yppal
13:00 - 15:00	Hardangerrådet sakshandsaming

Regionrådet **Saker til handsaming:**
Saks nr.

HR-sak 21/26 **Innkalling og sakliste**

Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

HR-sak 22/26 **Godkjenning av møtebøker**

Vedtak:

Møtebøker er godkjent

HR-sak 23/26 **Meldingar**

Vedtak:

Rådet tek meldingane til vitande

HR-sak 24/26 **Orienteringssaker**

Vedtak:

1. **Moglegheitsstudie Hardangerfjordruta**

Teke til vitande

2. Kraftturisme prosjektet - Invistasjon til kommunane Eidfjord, Kvam, Ulvik og Ullensvang.

Produktutviklingsprosjekt for reiseliv i Hardanger

3. Høyring Kjernekraft

Høyring har frist i oktober, så LVK utset det til hausten. HR tek dette opp i septembermøtet, og avklarar då.

4. Invitasjon til å delta på Arendalsuka med Fjordvegen Rv 13

Dagleg leiar deltek på vegne av Hardangerrådet på Arendalsuka 2026

5. Tar datasenter ut av definisjonen av alminneleg forsyning i konsesjonskraftordninga

Statsråden er klar på at dei har gjort dette vedtaket av eige initiativ og meiner dette ikkje er alminneleg forsyning. Det er vedteke i Stortinget, men var ikkje meininga skulle verta kjent. LVK er klar, dette er hårreisande og kjem ut av det blå.

Tiltaket vil ikkje redusere talet på datasenter, men straffa kommunane, og flytter pengane til fylket.

6. Søknad : “BLueActionBanos” - Fjordhelse prosjektet til Norges kongelige vel

Ber om å få Kongeleg Norsk Vel v/Marit inn til neste møte for å fortelja og forklara prosjektet.

7. Hardangerkonferansen 2026

Informert om pågande arbeid med program.

8. Næringskonferanse

Ny konferanse om tilskotsmidlar og verkemiddelapparatet til lokalt næringsliv i januar 2027.

HR-sak 25/26

Oppfølging årsregnskap og årsmøtesaker Hardangerrådet iks

Vedtak:

Uttale frå leiinga og mellombels revisjonsmelding Hardangerrådet IKS vert teke til vitande.

HR-sak 26/26

Nytt frå kommunane

Runde rundt bordet

HR-sak 27/26

Nytt frå Rådmannsforum

Vedtak:

Saka teke til vitande

**HR-sak 28/26****Høyring cruiseavgift****Vedtak:**

Hardangerrådet sender ikkje inn høyringsuttale til forslag på forskrift cruiseavgift. Kvar kommune sender inn eigen høyringsuttale.

HR-sak 29/26**Besøksbidrag i Hardanger****Vedtak:**

Saka teke til vitande

HR-sak 30/26**Saker som kjem til.**

Ingen saker

Kinsarvik 22.5.2026

Jens Olav Holven
Rådsordfører

Referat Rådmansforum 8.5.6.2026 på Hotel Ullensvang kl 0900-1130

Møtte : Thore Hopperstad, Ulvik herad - Leiar
Anita Hesthamar, Kvam herad
Magnus Steigedal, Eidfjord kommune
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune

Saker til handsaming:

RF-sak 19/26 Innkalling og sakliste

Vedtak:

RF godkjenner innkalling og sakliste

RF-sak 20/26 Godkjenning av møtebøker og referat

Vedtak:

RF godkjenner møtebøkene og referat

RF-sak 21/26 Meldingar

Vedtak:

RF tek meldingane til vitande

RF-sak 22/26 Orienteringssaker

Vedtak:

1. Mulighetsstudie Hardangerfjorderuta er teke til vitande
2. Kraftturisme prosjektet - Invistasjon sendt til kommunane Eidfjord, Kvam, Ulvik og Ullensvang.
3. Kurs i KS sin heilheitsmodell for kommunar skal opp på møtet 4.9.2026
4. Høyring Kjernekraft har frist 08.10.2026. Saka vert teke med på møtet 4.9.2026
5. Referanse-systemet - refapp.no . Leverandøren presenterer demo på appen digitalt.
6. Invitasjon til å delta på Arendalsuka med Fjordvegen Rv 13
Dagleg leiar deltek for Hardangerrådet og Rådmannsforum på Arendalsuka 2026
7. Regjeringen føreslår å ta datasenter ut av definisjonen av alminneleg forsyning i konsesjonskraftordninga. LVK møte 20.-21.5.2026 tek saka opp. Kommunane deltek der.



Hardangerrådet iks



Hardanger

RF-sak 23/26

Saker i Hardangerrådet

Saker til Hardangerrådet :

1. Konsept Arendalsuka 2027
2. Profilering Hardanger og Turistinformasjonane i regionen
3. Dialog om samarbeid med Sunnhordlandrådet
4. Opningstider for butikkar på turiststader.KVa er utgangspunkt for ja/nei?
5. Fellesmøte før sommaren 22.juni 2026 i Jondal.

RF-sak 24/26

Skisse prosjektplan besøksbidrag i Hardanger

Vedtak:

Teke til vitande

RF-sak 25/26

Saker som kjem til.

Saker til Kommunedirektørutvalet sitt møte 21.5.2026. Rådmann i Kvam herad er del av utval og ber om saker ho bør/kan ha med seg til debattane og sitt innlegg. Møtet skal vera 21.ma

Lofthus 8.5.2026

Thore Hopperstad
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



Hardanger

Møtedato 23.6.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 33/26 & RF-sak 28/26

Meldingar

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande

Saksopplysningar:

- Høyring IKS (på sakskartet i september)
- Arbeid med NTP
- Turistbåten 2027
- Svar frå SVV på uttale om førarprøve klasse T i Kvam herad
- Brev frå Kraft museumet med informasjon om oppstart av sonderingar om konsolideringsprosess med Hardanger og Voss museum



Statens vegvesen

Hardangerrådet
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Label_Behandlende enhet: Label_Saksbehandler/L_telefon: L_Vår referanse: L_Deres referanse: L_Vår dato:
Dag Terje Langnes / 22073458 26/121969-2 06.05.2026

Uttalelse – førerprøve i førerkort klasse T i Kvam herad

Viser til førespurnad datert 31. mars 2026 om førerprøve for traktor i Norheimsund i Kvam herad.

Vi har forståing for at Hardangerrådet IKS engasjerer seg i eit godt tilbod for brukarane i området. Statens vegvesen har ansvar for å tilby førerprøver på ein fagleg forsvarleg og effektiv måte i heile landet.

Tilbodet i Kvam omfattar i dag førerprøver i klasse B og BE. For traktor tilbyr Statens vegvesen førerprøver i Isdalstø (Nordhordaland) og frå Voss. I begge tilfella er det om lag 1 time og 30 minutt køyretid. Vår vurdering er at dette er godt innanfor ein akseptabel reiseavstand frå Norheimsund.

Statens vegvesen ønskjer å tilby eit best mogleg førerprøvetilbod i heile landet, samstundes som etaten må oppfylle overordna krav om effektiv drift.

Endringar i eitt område vil ofte utløyse liknande ønskje andre stader. Dette påverkar Statens vegvesen si samla moglegheit og evne til å levere eit godt og effektivt tilbod nasjonalt.

Samfunnet stiller stadig høgare krav til offentlege tenester. Det er ein tydeleg samanheng mellom kvalitet og sterke fagmiljø, og sensorane må ha eit tilstrekkeleg volum av prøver i kvar klasse for å halde ved lag kompetansen. Samla sett påverkar dette ressursbruken både når det gjeld personell og kostnader.

Vi har forståing for ønsket om å få tenester nær der ein bur. Samstundes er førerprøver ei teneste ein normalt berre treng éin gong. Når førerretten først er erverva, har ein sjeldan behov for ytterlegare oppfølging.

Postadresse
Statens vegvesen
506M744436M744442M744466M744468Mfirmapost@vegvesen.no
Postadresse
Postnummer

Telefon: 02030

Org.nr.: 971032081

Kontoradresse
Ramstadveien 9
1850 MYSEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadse
Telefon: 78 94 15 50



Til Stiftarane av Kraftmuseet –

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum STI

Jfr. liste

Tyssedal, den 15. juni 2026

Informasjon om oppstart av sonderingar

– Konsolideringsprosess

Eg vil med dette orientere stiftarane for Kraftmuseet – Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum STI – om at det no vert sett i gang ein prosess for å sondere kring mogelegheitene for å konsolidere Kraftmuseet inn i ei større museumseining. Bakgrunnen for initiativet er Vestland fylkeskommune sitt vedtak i PS-sak 126/25 **Potensiale for omstilling og konsolidering** den 15.10.2025. Fylkeskommunen har eit tydeleg ønske om færre og sterkare museumseiningar i fylket.

Historikken bak konsolideringa av museum ligg lengre attende i tid. Den nasjonale museumsreforma, vedteken i Stortinget i 2000, gav grunnlag for mykje av museumslandskapet ein elles kan sjå i dag. I Meld. St. 23, Musea i samfunnet, vert dei siste 20 åra med museumssamanslåingar kommentert slik:

Gjennom to tiår har det vorte gjennomført ei omfattande nyorganisering av museumsfeltet. Institusjonane i det nasjonale museumsnettverket er gjennomgåande kvalitativt betre og meir robuste enn dei mange mindre og små musea som tidlegare stod åleine, men som no inngår i større konsoliderte einingar.

I tidlegare prosessar har Kraftmuseet stått utanfor, men no kan det sjå ut til at det er vår tur.

Kraftmuseet har hatt fleire møte med Vestland fylkeskommune og med Hardanger og Voss museum i samband med det fylkeskommunale vedtaket i fjor, og Kraftmuseet har handsama spørsmålet om vi skal gå i gang med ein sonderingsprosess to gonger.

Den 4. juni vart det i styresak 15/26 **Oppstart av sonderingar – mogeleg konsolidering mellom Kraftmuseet og Hardanger og Voss museum (2. gangs handsaming)** fatta slikt, samrøystes vedtak i Kraftmuseet sitt styre:

Administrasjonen informerer stiftarane om vedtaket under og prosessen som skal iverksetjast.

Vedtak:

1. Styret støttar naudsynte sonderingar mellom dei to musea Kraftmuseet og Hardanger og Voss museum kan starta, med tanke på ein mogeleg konsolideringsprosess

- 2. Ei eventuell styresak om konsolidering kjem i neste rekkje*
- 3. Styret støttar at det innan kort tid vert sendt ein samla søknad til Vestland fylkeskommune om midlar til ein ekstern og uhilda prosessleiar tilsvarande 1 årsverk*
- 4. Styret til Kraftmuseet er positiv til drøftingar med eventuelt andre partar som kan vera aktuelle for ein samanslåing.*

Det er fatta likelydande vedtak i Hardanger og Voss museum sitt styre no i juni, og søknad om støtte til ekstern prosessleiar er sendt.

Konsolideringsprosessen vil i praksis vere ein fusjon av to stiftingar. Føremålet er å styrkje museumsstrukturen i regionen gjennom meir robuste fagmiljø, betre ressursutnytting og eit enda sterkare tilbod til publikum. For å sikre eit godt grunnlag for denne viktige avgjerda, er det naudsynt med ein formell gjennomgang av begge selskapa inkludert fagleg status og strategiar, grunnlag og ambisjonar i begge organisasjonane. Dessutan etablering av nye avtalar der det er naudsynt, mellom anna med kommunar.

Prosessen vil innebere ei omstilling for dei tilsette, og god involvering vil vere ein avgjerande suksessfaktor.

Med venleg helsing



Liv Eirill Evensen

Direktør

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum.

Følgjande verksemdar, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda kommune (no del av nye Ullensvang kommune), Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: INEOS AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvfossen ASA (no: Elkem Bjølvfossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Fornybar Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Styrke), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS (no: Haugaland kraft og Fagne), Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad (no del av nye Ullensvang kommune).



Møtedato 23.6.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
--------------------	---------------------------------

HR-sak 34/26

RF-sak 29/26

Orienteringssaker

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Råda tek orienteringane til vitande.

Saksopplysningar:

- Hardangerkonferansen 2026
- Regionalt kulturfond Hardanger
- Sans for smak i Hardanger
- IPR samlinga



Møtedato 23.06.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 35/26

Nytt frå kvar kommune

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Saksopplysningar:

Saka er sett opp som ei fast orienteringssak med føremål å sikre jamleg og strukturert informasjonsutveksling mellom kommunane i Hardangerrådet.

Kvar kommune gjev ei kort orientering om viktige saker, prosessar og hendingar av overordna og strategisk betydning, til dømes innan:

- politiske vedtak og prioriteringar
- større utviklings- og investeringsprosjekt
- organisasjonsendringar eller særlege utfordringar
- saker som kan ha regional betydning eller krev samordning

Runden rundt bordet skal bidra til felles situasjonsforståing, betre samordning og styrkt regionalt samarbeid, i tråd med prinsipp om koordinering og informasjonsdeling i interkommunalt samarbeid (jf. KS sine tilrådingar for regional samhandling og nettverksstyring).



Møtedato 23.6.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-Sak sak 30/26

Nytt frå rådmannsforum

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Referat frå Rådmannsforum 8.5.2026

Saksopplysningar:

RF-sak 23/26 Saker i Hardangerrådet "Saker til Hardangerrådet" :

1. Konsept Arendalsuka 2027
2. Profilering Hardanger og Turistinformasjonane i regionen
3. Dialog om samarbeid med Sunnhordlandrådet
4. Opningstider for butikkar på turiststader. Kva er utgangspunkt for ja/nei?
5. Fellesmøte før sommaren 22.juni 2026 i Jondal.



Møtedato 23.06.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 36/26, RF-sak 31/26

Høyringer - jfr. Vassdragsreguleringsloven og vannressursloven

Høyring 26/1548

Forslag til endring i vassdragsreguleringsloven og vannressursloven

Høyring 26/1565

Forslag om ny forskrift til vassdragsreguleringsloven og vannressursloven

Begge med høringsfrist 04.09.2026

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Bakgrunn for saka:

Energidepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i vassdragsreguleringslova og vassressurslova. Samstundes er det sendt på høyring forslag til ny forskrift om undersøkingar og avbøtande tiltak i vassdrag. Høringsfristen er 4. september 2026.

Forslaget er særleg relevant for kraftkommunar og kommunar med store vassdragsinngrep, då det kan påverke framtidig forvaltning av miljøtiltak knytt til vasskraftreguleringar.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Endringer i vassdragsreguleringsloven og vannressursloven (undersøkelser og avbøtende tiltak i vassdrag)

<https://kommuneadmin.no/lvk/wp-content/uploads/sites/2/2026/06/Horingsnotat-Endringer-i-vassdragsreguleringsloven-og-vannressursloven-undersokelser-og-avbotende-tiltak-i-vassdrag.pdf>

Vedlegg 2: Forslag til forskrift om undersøkelser og avbøtende tiltak i vassdrag (vassdragstiltaksforskriften)

<https://www.regjeringen.no/contentassets/240d92abc4d742f9bc9ff17c019555b0/horingsnotat-forslag-til-forskrift-om-undersokelser-og-avbotende-tiltak-i-vassdrag-vassdragstiltaksforskriften.pdf>

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Høringsnotat- Forslag til forskrift om undersøkelser og avbøtende tiltak i vassdrag \(vassdragstiltaksforskriften\).pdf](#)

[Standardvilkår - konsesjon vassdragsreguleringsloven.pdf](#)

[Standardvilkår - konsesjon vannressursloven.pdf](#)

[Høringsnotat - Endringer i vassdragsreguleringsloven og vannressursloven \(undersøkelser og avbøtende tiltak i vassdrag\).pdf](#)

Saksopplysninger:

Regjeringa foreslår ei ny forskrift, og endringar i vassdragslovgivinga, som skal gjere det enklare og meir effektivt å pålegge miljøtiltak i regulerte vassdrag.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Miljødirektoratet skal kunne pålegge undersøking og avbøtande tiltak der vassdragstiltak, særleg vasskraftanlegg, har stor påverknad på miljøet eller andre samfunnsinteresser. Dette er tiltak som ikkje vil kunne påverke kraftproduksjonen. Forskrifta er føreslått å gjelde for alle vassdragstiltak, også dei utan konsesjon.

I dag kan pålegg om undersøking og avbøtande tiltak gis dersom eit vassdragstiltak har konsesjon med såkalla standardvilkår. Mange eldre tiltak fell utanfor, anten fordi dei manglar konsesjon eller fordi konsesjonen er gitt før standardvilkår vart vanleg praksis. Å innføre slike vilkår i dag krev ofte vilkårsrevisjon, omgjerung av konsesjon eller innkalling til behandling. Dette er prosessar som er både tid- og ressurskrevjande. Med forslaget kan nødvendige pålegg om undersøking eller miljøtiltak bli fastsett med heimel direkte i forskrifta.

Døme på avbøtande tiltak som kan bli pålagt etter forskrifta er habitattiltak for rekruttering av fisk, utplassering av reirkasser for fugl, flytting av elvemusling, omlegging av stinett for friluftsliv, terskelbygging for vasspegel av omsyn til landskap og erosjonssikringstiltak. - Dette forslaget vil sikre at fisk og anna liv i regulerte vassdrag får betre levevilkår, ikkje minst i regulerte vassdrag utan konsesjon. Der har det i praksis vore svært vanskeleg og tidkrevjande å få gjennomført undersøkingar og tiltak som kan betre situasjonen. Dette arbeidet er viktig for livet i vassdraga, men òg for å følgje opp EUs vassdirektiv, seier klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen.

For anlegg som allereie har oppdaterte standardvilkår, inneber forslaget ingen realitetsendringar. På sikt skal forskrifta erstatte miljøvilkår som er sett i sjølve konsesjonen. For anlegg som ikkje har oppdaterte standardvilkår, inneber forslaget at dei framover kan bli pålagt undersøking og avbøtande tiltak. Pålegg må mellom anna oppfylle krav om årsakssamanheng, og stå i rimeleg forhold til skaden eller ulempa vassdragstiltaket fører til. Pålegg som kan redusere kraftproduksjonen skal framleis bli behandla gjennom vilkårsrevisjon, innkalling og omgjerung, slik som i dag.

Fristen for å gje innspel er fredag 4. september 2026.
LVK vil avgje høyringsuttale på vegne av medlemskommunane.

Vurderingar:

I dag vert heimlar for pålegg om undersøkingar og avbøtande tiltak fastsette i standardvilkår for konsesjonar. Det nye framlegget opnar for at slike heimlar i staden kan fastsetjast i forskrift. Departementet meiner dette vil gjere regelverket meir oversiktleg og effektivt når tiltak i vassdrag fører til skade eller ulemper for allmenne interesser.

I tillegg føreslår departementet at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) skal verte klageinstans for vedtak fatta av statsforvaltaren med heimel i vassressurslova. Framlegget vert sendt på høyring samstundes med eit framlegg til ny forskrift om undersøkingar og avbøtande tiltak i vassdrag.

Kjelder:

¹ Energidepartementet & Klima- og miljødepartementet. (2026, 12. juni). Høyring av ny forskrift om miljøtiltak i regulerte vassdrag [Pressemelding]. Regjeringen.no.
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/hoyring-av-ny-forskrift-om-miljotiltak-i-regulerte-vassdrag/id3165478/>



Møtedato 23.06.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-Sak 37/26, RF-sak 32/26

Prinsipiell vurdering av framtidig medlemskap i Hardangerrådet IKS

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Regionrådet ser behov for å greie ut spørsmålet om framtidig medlemskap i Hardangerrådet IKS.

Regionrådet ber administrasjonen, i samarbeid med rådmannsforum, utarbeide ei utgreiing som vurderer:

- om Hardangerrådet IKS i framtida skal kunne opne for nye medlemmer
- kva strategiske mål ei eventuell utviding skal støtte opp under
- kva kriterium som eventuelt bør leggjast til grunn ved vurdering av nye medlemmer
- konsekvensar for eigarstyring, representasjon og organisering
- økonomiske konsekvensar, inkludert finansieringsmodell og eigardelar
- konsekvensar for prioriterte satsingsområde og eksisterande samarbeidsstrukturar
- behov for endringar i selskapsavtalen

Saka vert lagd fram for regionrådet til ny behandling før ho eventuelt vert sendt til eigarkommunane.

Bakgrunn for saka:

Regionalt samarbeid er i endring, og fleire samfunnsutfordringar krev tettare samarbeid på tvers av kommunegrenser.

Utvikling innan energi, samferdsle, næringsutvikling, reiseliv og samfunnsutvikling aktualiserer spørsmålet om korleis Hardangerrådet IKS skal utviklast i framtida.

Det har også kome signal om interesse for å vurdere medlemskap i Hardangerrådet IKS.

Før eigarkommunane vert inviterte til å ta stilling til spørsmålet om framtidig medlemsstruktur, er det behov for ei grundig intern utgreiing.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: [Gjeldande selskapsavtale for Hardangerrådet IKS](#)

Vedlegg 2: [Lov om interkommunale selskap \(IKS-loven\)](#)

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- [Lov om interkommunale selskap \(IKS-lova\)](#)
- [Selskapsavtale for Hardangerrådet IKS](#)
- Eventuelle eigarstrategiar og tidlegare vedtak i eigarkommunane

Saksopplysningar:

Hardangerrådet IKS er eigd av kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Føremålet med selskapet er å styrkje regional utvikling, samordne felles interesser og fremje samarbeid mellom eigarkommunane.

Opptak av nye medlemmar vil krevje endringar i selskapsavtalen.

Etter IKS-lova skal endringar i selskapsavtalen vedtakast av alle eigarkommunane.

Det ligg i dag ikkje føre fastsette prinsipp eller kriterium for vurdering av nye medlemmer i Hardangerrådet IKS.

Ei eventuell utviding av medlemskrinsen vil kunne påverke selskapet si organisering, prioriteringar, finansiering og regionale rolle.

Vurderingar:

Spørsmålet om framtidig medlemskap er av strategisk karakter og vil kunne få konsekvensar for Hardangerrådet si rolle, organisering og prioriteringar.

Ei eventuell utviding av medlemskrinsen kan gi:

- større fagmiljø og breiare kompetansegrunnlag
- auka regional gjennomslagskraft
- sterkare grunnlag for felles prosjekt og ekstern finansiering
- betre samordning av utviklingsarbeid

Samtidig vil ei utviding kunne påverke:

- eigarstyring og representasjon
- finansieringsmodell og kostnadsfordeling
- prioritering av innsatsområde
- regional identitet og tilhøyrse
- samarbeidsrelasjonar med andre regionale aktørar

Administrasjonen vurderer at desse spørsmåla bør greiast ut nærare før eigarkommunane vert inviterte til å ta stilling til om Hardangerrådet IKS skal kunne opne for nye medlemmer.

Ei slik utgreiing vil gi eigarkommunane eit betre grunnlag for seinare politiske vurderingar.

Målet med denne saka er ikkje å ta stilling til medlemskap for einskilte kommunar, men å etablere eit kunnskapsgrunnlag for ei seinare prinsipiell drøfting om framtidig medlemsstruktur i Hardangerrådet IKS.

Økonomisk konsekvens:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

Administrasjonen si utgreiing vert gjennomført innanfor vedtekne rammer.

Ei eventuell utviding av medlemskrinsen vil kunne påverke finansieringsmodell, eigardelar og kostnadsfordeling i Hardangerrådet IKS. Dette må greiast ut nærare i ei seinare sak.



Møtedato 23.6.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 38/26

RF-sak 33/26

Møtekalender - andre halvår 2026

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Møtekalender vert oppdatert slik den ligg føre

Haust 2026	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Fredag 11. Kvam	Fredag 09. Eidfjord		Fredag 18. Jondal/Utne
Representant- skapet	Fellesmøte HR/RF			Fellesmøte HR/RF
Hardingtinget Hardanger- konferansen			Tors-Fred 5.-6. Eidfjord Hardanger konferansen	
Rådmannsforum	Fredag 11. Kvam Fellesmøte HR/RF	Fredag 2. Digitalt		Fredag 18. Jondal/Utne Fellesmøte HR/RF

Bakgrunn for saka:

Det er ønske om å gjera endring i møtekalender for Hardangerrådet og Rådmannsforum hausten 2026.

Bakgrunn for endring er besøk til Hardanger av leiar i SAMO Arve Helle og Seniorrådgjevar plan, klima og analyse Marianne Bugge med team kjem med konkret planutkast til regionale planar .

Saksopplysningar:

Me føreslår desse endringane for hausten:

1. Møtet fredag 11.9.2026 vert fellesmøte for Hardangerrådet og Rådmannsforum i Kvam.
Til møtet kjem leiar av SAMO i VLFK og leiar av plan, klima og analyse i VLFK.
2. Rådmannsforum flytter sitt møte frå 4.9.2026 til fellesmøte den 11.9.2026.

Møteplan 2026

2026	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli / August	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet	Fredag 16. Ulvik		Fredag 27. Kvam Årsmøte Fellesmøte Norheimsund	Fredag 10. Norheimsund Fellesmøte med HR, RF, TH og Sunnhordland	Fredag 22. Ulvik	Tysdag 23 Felles RF Jondal		Fredag 11. Kvam Fellesmøte ?	Fredag 09. Eidfjord		Fredag 18. Jondal/Utne Fellesmøte Jondal/Utne
Hardingtinget Hardanger- konferansen		Fredag 13. Ullensvang Hardingtinget								Tors-Fred 5.-6. Eidfjord Hardanger konferansen	
Rådmannsforum		Fredag 6. Digitalt	Fredag 27. Fellesmøte Norheimsund + Samnanger iht møte med VLFK	Fredag 10. Norheimsund Kvam Fellesmøte med HR, RF og Sunnhordland	Fredag 8. Lofthus	Tysdag 23 Felles HR Jondal		Fredag 4. Digitalt	Fredag 2. Digitalt		Fredag 18. Fellesmøte Jondal/Utne
Team Hardanger	Fredag 23. Eidfjord	Torsdag 12. Odda		Fredag 17. Kvam	Fredag 29. Ulvik	Torsdag 25. Voss		Onsdag 30. Eidfjord		Fredag 27. Kvam	
Hardanger og Voss Ungdomsråd		Mandag 9. Digitalt	Tirsdag 3. Granvin Mandag 23. H&V Ungdomsting Voss	Onsdag 15. Ulvik							
Styret Hardangerrådet		Torsdag 26. Kinsarvik	Fredag 27. Kvam Årsmøte			Torsdag 4. Kinsarvik			Torsdag 22. Kinsarvik		Fredag 18. Fellesmøte



Møtedato 39/26	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
----------------	---------------------------------

HR-Sak 39/26, RF-sak 34/26 Saker som kjem til.

Vedtak:

Saksopplysningar:

Saker som kjem til i møte;

- **Prosjektstilling Besøksbidrag**
Søknad / forskuttering av midlar til prosjektleiar til prosjektet besøksbidrag etter modell frå Lofoten.

- **Reiselivsstrategi Hardanger**
Vurderer om reiselivsstrategien for Hardanger skal ut på høyring i forkant av handsaming i kvar einskild kommune.